1.0 Saksliste

Årsmøte

Utdanningsforbundet Øygarden

Det vert årsmøte i Utdanningsforbundet Øygarden fredag 8. mars kl. 1800, med påfølgjande årsmøtemiddag, for dei som er påmeldt middagen, på **Scandic Bergen City.**
Leiar i Utdanningsforbundet , Geir Røsvoll, helsar årsmøtet.

Sak 1.0 Konstituering

1.1. Godkjenning av innkalling

1.2. Val av dirigentar/møteleiarar

1.3. Val av referentar

1.4. Val av protokollunderskrivarar

1.5. Saksliste

Sak 1.0 Konstituering

1.1.1. Godkjenning av innkalling

1.1.2. Val av dirigentar

1.1.3. Val av referentar

1.1.4. Val av protokollunderskrivarar

1.1.5. Godkjenning av saksliste

1.1.6. Godkjenning av møtereglement

1.1.7. Godkjenning av valreglement

1.1.8. Val av møtefunksjonærar, teljekorps

1.6 Godkjenning av møtereglement.

1.7 Godkjenning av valreglement

1.8 Val av møtefunksjonærar, teljekorps

Sak 2.0 Behandle melding og rekneskap frå lokallagsstyret

Sak 3.0 Vedta retningslinjer for arbeidet i påfølgande årsmøteperiode

Sak 4.0 Behandle budsjett

Sak 5.0 Behandle saker innmeldt frå medlemmer og klubbar innafor lokallaget, og andre saker som lokallagsstyret legg fram

5.1 Saker frå Tranevågen U-skule

5.2 Sak frå Fjell U-skule

5.3 Sak frå Stranda barnehage

5.4 Sak frå Ulveset skule

Sak 6.0 Fråsegn

Sak 7.0 Val av alternativ innanfor vedtektene

Sak 8.0 Val

8.1 Val av tillitsvalde etter hovudavtalen

8.2 Val av leiar

8.3 Val av andre medlemmer til lokallagsstyret

8.4 Val av varamedlemmer til lokallagsstyret

8.5 Val av valnemnd

Vedlegg til sak 1.6: Møtereglement

1. Dirigentane/møteleiarane opnar og leiar møtet.
2. Alle medlemmer av lokallaget som er registrerte møtedeltakarar har tale- og stemmerett på årsmøtet.
3. Ein representant frå fylkesstyret har talerett.
4. Årsmøtedeltakarane som ønskjer ordet, gir melding om dette ved å syna stemmenummer.
5. Taletida er avgrensa til tre minutt, replikkar til eitt minutt. Saksinnleiaren og medlemmer frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gje saksopplysingar.
6. Dirigentar og delegatar kan komme med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek vert sett. Slike forslag skal straks takast opp til avstemming.
7. Årsmøtedeltakarane som ber om ordet til dagsorden, forretningsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.
8. Forslag i saker skal leverast skriftleg av den som fremmar forslaget.
9. Alle forslag skal vere levert og kunngjort før strek vert sett.
10. Nye forslag kan ikkje fremmast i ei sak etter at strek er sett.
11. Forslag vert vedtekne dersom det er fleire stemmer for enn mot. Ved likt tal stemmer, vert avstemminga avgjort ved loddtrekning. Likt tal stemmer ved personval er regulert i pkt. 1.6 Valreglement - generelt om vala.

Innstilling til vedtak: Møtereglementet vert godkjent.

Vedlegg til sak 1.7: Valreglement

Generelt om vala:
Vala gjeld som hovudregel for to år med verknad frå 1. august 2024
Alle val er skriftlege bortsett frå val i konstitueringsaka.
Dirigentane kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open votering, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen, og det ikkje er andre forslag.

Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane som er foreslått av valnemnda eller vert fremja i årsmøtet. Kandidatane må ha sagt ja til å stille. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Blank stemmesetel blir rekna som nytta stemme.

Ved likt stemmetal mellom to kandidatar i omval, vert det avgjort ved loddtrekning. Dersom det vert halde omval mellom tre eller fleire kandidatar der den med færrast stemmer skal ut, vert det også avgjort ved loddtrekning ved stemmelikskap.

Desse skal veljast på lokallagsårsmøtet 2024: leiar i lokallagsstyret, andre styremedlemmer, varamedlemmer til lokallagsstyret, tillitsvalde etter hovudavtalen i KS, valkomité for kommande periode

Gjennomføring av vala på årsmøtet
Vala vert gjennomført i den rekkefølgja som vert gitt nummerert nedanfor:

1. Val av tillitsvalde etter hovudavtalene innanfor verksemder på kommunenivå etter same valreglar som i punkt 2. Årsmøtedeltakarane med hovudtilsetjing i kommunale verksemder har stemmerett. Vala vert gjennomført på same måte som i punkt 2.-val av leiar.

2. Val av leiar. Den kandidaten som får meir enn halvparten av stemmene, er vald. Om ingen av kandidatane får meir enn halvparten av stemmene, skal det haldast omval. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val vert halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet blir følgt til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to kandidatane, vert den som får flest stemmer vald. Skulle det ikkje vere mogeleg å skilje to kandidatar med omval, vert valet avgjort ved loddtrekning.

3. Val av rett tal av andre medlemmer til lokallagsstyret etter gjennomførte val av leiar og nestleiar. Val av medlemmer til lokallagsstyret skjer i samsvar med kvoteringsbestemmingane i vedtektene § 15.1.:

Det skal takast sikte på ein kvinnedel på minst 50 % i alle valde organisasjonsledd, og § 15.2: Lokallagsstyret skal setjast saman med ein rimeleg representasjon frå dei ulike medlemsgruppene og ha minst ein leiarrepresentant.

Ved val av øvrige medlemmar av lokallagsstyret skal stemmesetelen innehalda namn på det tall styreplassar som er på val, jf. D i retningslinjene. Ut frå samansetninga av dei som ikkje er på val (tal kvinner/menn), opplysast årsmøtet om kva samansetning som må ivaretakast for å oppfylla kvoteringsparagrafen.

Kvar stemmesetel skal innehalde ei fordeling som varetar krava. Stemmesetlar som *ikkje* fyller krava, forkastast.

Ved oppteljinga rangerer ein kandidatane etter stemmetal, men likevel slik at kvinnelege kandidatar med lågare stemmetal går føre om dette skal til for å oppnå ønskt minimum del kvinner (50 %).

4. Val av varamedlemmer til lokallagsstyret. Det vert valt 3 varamedlemmer i prioritert rekkjefølge. Desse vert fritt valt etter same valreglar som i punkt 1.

5. Val av valkomité. Lokallagsstyret fremmar forslag på tal medlemmer og tal varamedlemmer til ny valkomité for årsmøteperioden. Valkomitéen vert vald på same måte som andre medlemmer til lokallagsstyret og varamedlemmer til lokallagsstyret, punkt 3 og 4 ovanfor. Valkomitéen si samansetjing og ansvar er heimla i vedtektene § 64.

Innstilling til vedtak: Valreglementet vert godkjent.